

Avtale mellom Fjord Norge AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2006 om internasjonal marknadsføring

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gje gjere slikt vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver kr 1 225 000 til Fjord Norge AS for 2006. Administrasjonen set nærmare vilkår for utbetaling av midlane.
- 2 Midlane skal nyttast til internasjonal marknadsføring av Sogn og Fjordane i tråd med rammeavtale mellom Fjord Norge AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune for perioden 2003 til 2005, som vert forlenga med eitt år.
- 3 Administrasjonen får i oppdrag å tinge fram ny 3-årsavtale mellom fylkeskommunen og Fjord Norge AS for perioden 2007 til 2009.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Prenta vedlegg:

1. Rammeavtale mellom Fjord Norge AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune 2003 til 2005.
2. Søknad frå Fjord Norge AS om midlar for 2006.
3. Vurdering av utlysing av avtalen med Fjord Norge, ved Møre og Romsdal fylkeskommune.

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

Fjord Norge AS har i brev av 20. desember 2005 kome med tilbod til Sogn og Fjordane fylkeskommune om vidareføring av samarbeidsavtalen 2003-2005, ut 2006, for kr 1.340.000.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har, saman med dei andre Fjord Norge fylka (Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal), gitt tilskot til Fjord Norge sitt arbeid med internasjonal marknadsføring sidan 1993. Dei fire fylka har hatt likelydande avtalar dei siste åra, men er litt i utakt no. Møre og Romsdal sin avtale går ut i 2006, medan avtalen med dei andre fylka gjekk ut i 2005.

Fylkeskommunane hadde før denne avtalen ein avtale for åra 1999 til 2001, og ein avtale for 2002, som ei forlenging. I 2002 vart Fjord Norge sitt arbeid evaluert av Rogalandforskning, som grunnlag for ny avtale (2003 til 2005).

2. SAKSOPPLYSNINGAR

Tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Fjord Norge har sidan 1999 vore som tabellen under viser. Tabellen viser også tilskotet til SFR, som delvis har gått til koordinering av internasjonal marknadsføring, og samla tilskot til internasjonal marknadsføring frå "kompensasjonsmidlane" i 2005. Mesteparten av desse midlane vert også teke hand om av Fjord Norge AS.

Kr x 1000	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005
Fjord Norge	1.030	1.060	1.090	1.120	1.225	1.225	1.225
SFR	160	160	170	70	70	70	75
Komp.midlar							3000

Tilskotet til Fjord Norge steig i mange år med kr 30.000 pr. år. Til perioden 2003 til 2005, gjekk ein opp frå kr 1.120 mill til kr 1.225 mill pr. år, og likt for heile perioden.

Sogn og Fjordane Reiselivsråd (SFR) hadde tidlegare ansvar for å koordinera den internasjonale marknadsføringa av Sogn og Fjordane gjennom Fjord Norge. Destinasjonsselskapa var lite interesserte i denne samordninga, og ville sjølve ta ansvar for sin destinasjon. Fylkeskommunen overtok derfor kontakten med Fjord Norge, og tilskotet til SFR gjekk som ein fylgje av denne omorganiseringa noko ned.

Koordineringa av den internasjonale marknadsføringa av fylket har også vore eit ansvar som Fjord Norge AS delvis har teke. I 2006 har destinasjonsselskapa delvis teke opp att samarbeidet knytt til internasjonal marknadsføring. I katalogane til Fjord Norge har stundom manglande samordning kome klart fram.

I 2005 gjekk kvart av Vestlandsfylka inn med kr 2-3 mill til Fjord Norge for ekstra internasjonal marknadsføring, frå dei såkalla "kompensasjonsmidlane" for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift. Desse midlane går til eigne kampanjar, og vert haldne utanfor fylkeskommunane sin fleirårige avtale med Fjord Norge.

Nytt i avtalen 2003 til 2005, var at det vart laga ein 3-årig rammeavtale, saman med årlege samarbeidsavtalar (Fylkestinget 14.10.2003, sak 0039/03). Tidlegare hadde det berre eksistert

langsiktige rammeavtalar. Bakgrunnen for dei årlege samarbeidsavtalene var at fylkeskommunen hadde trong for ei tettare oppfølging av Fjord Norge AS, noko også Fjord Norge AS såg positivt på.

Dei årlege samarbeidsavtalane har fungert relativt godt, og kontakten mellom fylka og Fjord Norge har vorte betre. Men framleis er det rom for forbetring, og i diskusjonar mellom rådgjevarane hjå fylkeskommunane, kjem det fram at det kan det vera trong for ei betre og klårare tinging av oppdrag.

Hausten 2005 var det diskusjonar om oppdraget til Fjord Norge måtte lysast ut. Fylkeskommunane sine rådgjevarar såg derfor føre seg at oppdraget måtte definerast svært godt i samband med ei utlysing, og at ein måtte nytta vinteren 2005/06 til dette arbeidet. Dei såg føre seg ei utlysing våren 2006, for oppdrag frå 2007 til 2009.

Innkjøpssjefane hjå dei fire fylkeskommunane har konkludert med at oppdraget ikkje treng lysast ut. Fylkeskommunane sine rådgjevarar i reiseliv ser føre seg at ei klårare tinging av oppdrag likevel kan vera på sin plass.

Sidan Møre og Romsdal framleis har eitt år att av sin avtale, er det eit naturleg mål å få på plass ein felles ny avtale frå 2007.

Tilrådinga frå dei tre andre fylka er at ein derfor berre forlengar avtalen frå 2003 til 2005 med eitt år no. Tilrådinga frå dei andre tre fylka er at ein i 2006 også går inn med same kronebeløp i støtte som i denne perioden, kr 1 225 000.

3. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren meiner at den internasjonale marknadsføringa av reiselivet i fylket gjennom Fjord Norge AS er svært viktig å fylgja opp, og at dette bør skje i god samhandling med dei andre fylka på Vestlandet. Når det gjeld støtte til dette arbeidet for 2006, bør ein også ta med at fylka har ytt 2-3 millionar kroner ekstra til internasjonal marknadsføring i 2005 (gjennom kompensasjonsmidlane). Fylkesdirektøren går derfor inn for at fylkeskommunen løyver noko mindre enn skildra i tilbodet frå Fjord Norge i 2006, men likt med dei andre fylkeskommunane. I 2006 bør ein legge grunnlaget for ein ny og betre treårsavtale, gjeldande frå 2007.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)